HEIDERSPRIS – FØRDE IL



TORODD OS

2020

Torodd Os f. 1948 debuterte som O-løpar i 1961, og har såleis representert Førde IL i nærmare 60 år. Han har delteke, og deltar framleis flittig på løp lokalt, nasjonalt og internasjonalt – med startar i mellom anna Skottland, Danmark og Frankrike. Har 3. plass frå veteran NM. Han har også mange pallplasseringar frå KM. I tillegg til styre og leiarverv i gruppa, har han også vore leiar i Teknisk råd sidan 2006.

Førde IL Orientering (1961 – d.d)
1970 – 1972: Leiar
1990 – 1995: Styremedlem
2000 – 2005: Medlem teknisk råd
2006 – d.d: Leiar i teknisk råd

Arrangement:
Torodd Os har vore sentral på teknisk side ved dei fleste meisterskap og andre store løp, slik som Fjord-O. På lagsplan har han ytt ein stor innsats på tidtakingssida ved så godt som alle nærløp dei siste åra. Han har også bidratt med løypelegging og kartproduksjon.
Torodd har i tillegg til engasjementet innan orientering arbeid både profesjonelt – og på dugnadsbasis – med Langeland skisenter, tiltak ved Førdehuset og Hafstadparken.

Førde 25.03.2021

Arne Helgheim
Styreleiar Førde IL